

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norway

POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

BESØKSADRESSE:
Gaupnegrandane
6868 GAUPNE

TLF:
+47 24 06 70 00

FAX:
+47 24 06 70 01

INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

DYKKAR REF./DATO:
/

VÅR REF.:
201500843-3

STAD/DATO:
Gaupne, 28.01.2019

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR MURAVATN I SAMBAND MED NØDVENDIG VEDLIKEHALD

Søker med dette om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for reguleringar i Arnafjordvassdraget gitt ved KGL. Res. 27. juni 1969, til å **fråvike kravet om LRV for Muravatn, til å kunne gå ned til kote 995 moh i perioden 23.04.2019 – 30.04.2019**. Vi vil i denne perioden utføre nødvendig vedlikehald. Arbeidet vil føregå frå den 24.04 t.o.m den 26.04. Etter den 26.04.2019 vil alt tilsig til magasinet gå til å fylle det til LRV så raskt som råd. Estimert dato ut frå eit erfaringsmessig normaltilsig er den 30.04, men vi ber om forståing at det kan ta nokre fleire dagar om tilsiget er lågt. Som forklart under gjeld dette ein særst liten del av magasinet.

Vatn-stand målinga til magasinet er defekt, ved at hol i målerøyr gir falltap ved produksjon frå magasinet. Vi treng kome ned til kote 995 moh for tilkomst til målesøyle slik at vi kan trekke nytt målerør. Reparasjonen er nødvendig for å oppfylle krav til vst.målingar gitt av NVE.

Tiltaket vil skje i ein periode med normalt låg vasstand, og tappinga vil skje gradvis, med snødekt areal på og rundt magasinet. Inne i dammen ligg gamle dammen og demmer frå kote 1023 moh. Det er derfor berre ein liten del av magasinet nærast dammen som vert regulert ned under dette. Vi vurderer derfor miljøkonsekvensane som minimale for fisk, og vurderer dette tidspunktet som det mest skånsame for omgjevnadane.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Kåre Hønsi (sign.)